



Referat

PROSJEKT :	MØTE VEDR :	MØTE NR. :		
ÅFJORDEN BÅTLAG Åfjorden båthamn	Folkemøte	1		
STED :	DATO :	TID :	REFERENT :	NESTE MØTE :
Grendahuset Vonheim Sørbøvåg	10.02.22	18.30 – 19.30	Magnar Eide	Etter avtale

ANSV/FRIST SAK

1.1.00 GENERELT

1.1.01 Innleiing

Åfjorden båtlag (ÅB) planlegg utviding av båthamna (ny hamn) på Sørbøvåg. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen og plansaka er varsla i media og med brev til grunneigarar, naboar og diverse institusjonar. Frist for merknader er sett til 25.02.22

Stracon AS (SC) er engasjert som plankonsulent.

Reguleringsplanarbeid er eit lagspel der medspelarane har forskjellig ståstad, høvesvis i det offentleg og det private. For å oppnå eit godt resultat må aktørane ha god forståing for prosessen og anerkjenne kvarandre sine roller og oppgåver. Utan gjensidig respekt for kvarandre sine roller, kunnskap og kompetanse er eit godt samspel umogeleg, og utan vil det ikkje vere mogeleg å oppnå eit godt resultat. ÅB er særskilt opptekne av eit godt samspel med alle som har interesser i saka og ynskte med dette fyrste folkemøte å kome med innleidande informasjon og invitere til innspel og merknader til oppstart av planarbeidet.

ÅB ser for seg at det vil vere aktuelt å gjennomføre nytt folkemøte når det det ligg føre førebels utkast til plan og føresegner.

Eit 20-tals personar møtte til folkemøte.

SC ynskte velkommen og innleia kort om prosessen, deretter gjennomførte ÅB ein presentasjon av aktuelle planar.

Referat frå møtet og presentasjonen er lagt ut på heimesida til SC under <https://www.stracon.no/kunngjoringer/>

Det vart oppmoda om at innspel og merknadar vert sendt inn skriftleg innan fristen.

1.2.00 INNSPEL OG MERKNADER

1.2.01 Utviding eksisterande hamn

Det var spørsmål om kvifor ikkje eksisterande hamn vart utida i staden for ny hamn. Grunngjevinga er at med ei ny hamn vil ein kunne ta i mot større båtar enn i eksisterande. Plassering av ny molo vil gje større kapasitet og gje betre vern mot vågen og indre hamna.

Det vart også stilt spørsmål til om ein hadde vurdert kort stort behovet for ny hamn var lokalt, og kor mange ein rekna med ville kjøpe båtplass utanfrå.

Det kan vere aktuelt å drøfte dette i planskildringa til planen.

1.2.02 Innsegling og tilkomst til fylkesbåtkaia

Det var synspunkt på at ikkje innsegling og tilkomst til den gamle fylkesbåtkaia blir hindra.

Planane vil legge opp til at slik tilkomst ikkje vert hindra. Dette gjeld også at ein vil på best måte sjå til at oppankring av flytebrygger ikkje hindrar ferdslle.

1.2.03

Etappar

ÅB har fått scanna botnen og slik moloen er plassert no er den beste i høvet til massar som trengs.

Det kan vere aktuelt å vurdere ein litt kortare molo i starten, som ein eventuell fyrste etappe. Dette vil i så fall gje færre båtplassar.

1.2.04

Ny pir

Det var spørsmål om ny pir ved innlaupet til eksisterande hamn vil kunne nyttast til snuhammar.

Det vert ikkje lagt opptil at piren skal kunne nyttast til dette, då det i utgangspunktet ikkje er tenkt at det skal kunne køyrast ut dit.

1.2.05

Parkeringsplassar

Det vart stilt spørsmål til korleis ein har tenkt å legge til rette for det som trengs av parkeringsplassar.

Tal på parkeringsplassar og plassering, er noko som førebels ikkje er avklart og vert utgreia nærmare.

1.2.06

Båtopptrekk

Det vert lagt opp til eit forbetra båtopptrekk innan planområdet.

1.2.07

Servicebygg

Det vart spurta om det er aktuelt med servicebygg i tilknyting til hamna.

Eit servicebygg er ikkje ein del av planane no.

1.2.08

Skjerming mot bygda

Det var frå eitt hald synspunkt på at anlegget vil bli særskilt synleg for beboarar langs vågen, og vil ta noko av utsikten. Andre meinte at anlegget var noko bygda treng og at ein såleis må akseptere dette.

Godvik den 15.02.22


Magnar Eide